

Sykehuskirken, preste– og samtaletjenesten

KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenstebruk av smittervernshensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selv sagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internetsider under «prestetjenester»

Hilsen sykehusprestene

Kristin Lødøen Hope, Karl Hjelmeland og John Kristian Rolfsnes



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i

Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

Tlf: 922 07 527
www.haraldsplass.no

Søndagshelsing

3. søndag i fastetida

07.03.2021



Det er for tida ikkje gudstjenester i Sykehuskirka på Haraldsplass!

Du finn gudstenester og andre livssynsprogram på www.kirken.no
Klikk på «nettprogram»

3. søndag i fastetida

Bibeltekst: Efeserbrevet 6, 10-18

[10](#) Til sist: Bli sterke i Herren, i hans veldige kraft! [11](#) Ta på dykk heile Guds rustning, så de kan stå fast mot djevelens listige åtak. [12](#) For vår strid er ikkje mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrommet.

[13](#) Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande. [14](#) Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynze, [15](#) og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå. [16](#) Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde. [17](#) Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord. [18](#) Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud! Be alltid, i Anden! Vak og hald ut i bøn for alle dei heilage.



Kampen for det gode

Det er vel ein erkjennelse dei aller fleste menneske har at i denne verda finst det både gode og vonde krefter. Sjølv om vi helst skulle skyve det unna kan det mange gonger vere nok å slå på Dagsrevyen for å sjå vonde krefter i på ferde. Menneske blir undertrykt, utnytta, forfølgde og plaga, - gjerne i guds namn. Det er kamp mellom det vonde og det gode i denne verda, og midt i denne kampen står vi menneske.

Eit viktig tema i fastetida som vi no har før påske, er kamp og siger. Vi blir utfordra til å velgje side i kampen, seie nei til det vonde og ja til det gode. Utfordra til å stille oss på Guds side i kampen for det gode. I ein av tekstane for denne søndagen oppfordrar apostelen Paulus tilhøyrarane til å kle på seg ein rustning mot vondskapen, ein rustning som består av sanning, rettferd og ein god bodskap om fred.

Det handlar om å overvinne det vonde med det gode.

Men vi skal ikkje vere altfor naive. Det er tale om ein kamp mot krefter både rundt oss og inni oss. Apostelen si trøyst er at vi ikkje står åleine i denne kampen.

I tru til Gud og bøn kan vi hente styrke og motstandskraft når vondskapen herjar.

God helg!

Karl Hjelmeland

sjukehusprest